



Anne T. Bjørge
Reikeråsvegen 39
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/47 - 15/637

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
13.01.2015

Gbnr 24/5 Fammestad. Deling av grunneigedom. Arealoverføring.

Eigedom: Gnr.24 bnr.5 Fammestad
Adresse for eiged.: Reikeråsvegen 39, 5913 Eikangervåg
Type tiltak: Deling av grunneigedom, arealoverføring
Heimelshavar: Anne T. Bjørge
Søker: Anne T. Bjørge

Saka gjeld:

Det vert søkt om løyve til å dele frå om lag 150m² grunn frå gnr.24/5 for overføring til gnr.24/146. Parsellen er ein liten rest som ligg mellom alt frådelt og utbygde tomter. Gnr.24 bnr.146 er ein bustadeigedom som ligg i feltet. Eigaren ynskjer å overtake parsellen av di avløpsanlegget hans ligg her

Planstatus/dispensasjonar:

Parsellen som skal delast frå ligg i eit område som i gjeldande arealplan er sett av til bustadføremål. Gnr.24/5 er landbruk, men område der parsellen ligg er alt teke til anna føremål i godkjend plan. Det er ikkje naudsynt med dispensasjon eller deling i høve jordlova §12.

Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Det gjeld frådelling av ein parsell som tillegg til alt eksisterande bustadeigedom. Tiltaket fører ikkje til endring i høve til tilkomst, avløp og vassforsyning.

Det er ikkje naudsynt med uttale frå overordna mynde.

VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå om lag 150m² frå gnr.24 bnr.5, slik det er søkt om synt i kart motteke i kommunen 08.01.2015. Arealet skal overførast til gnr.24 bnr.146 og føyast saman med denne eigdommen.



Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1.

Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.

Vurdering av storleik er ikkje aktuelt, då frådelt areal ikkje skal nyttast til bygging.

Det gjeld deling av parsell for arealoverføring. Arealet er sett av til bustadføre mål, og deling er i samsvar med gjeldande plan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014, gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremålet, området er uregulert kr.6200,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine reglar. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anne T. Bjørge

Jan-Gunnar Kvamme

Reikeråsvegen 39 5913

Mykingvegen 535 5913

EIKANGERVÅG

EIKANGERVÅG